



Vestnes kommune
Rådhuset
6390 VESTNES

Saksbehandlar, innvalstelefon
Jorunn Mittet Eriksen, 71 25 84 10

Vestnes kommune Reguleringsplan Salmar Genetics – Vågstranda Trekking av motsegn

Statsforvaltaren er statens representant i fylket og har fleire roller og oppgåver innan planlegging etter plan- og bygningslova. Ei viktig oppgåve for Statsforvaltaren i kommunale planprosessar er å sjå til at nasjonale og viktige regionale omsyn blir ivaretatt i planarbeidet. Fagområde som miljøvern, landbruk, helse, oppvekst og samfunnstryggleik står sentralt. I tillegg skal Statsforvaltaren sikre at kommunale vedtak i plan- og byggesaker er i samsvar med gjeldande lovverk.

Vi viser til e-post datert 14.09.2022 med oversending av geoteknisk rapport utarbeidd av Norconsult. De ber oss trekke motsegna vi fremma i brev av 31.08.2022.

Statsforvaltaren har ut frå sine ansvarsområde følgande merknader:

Samfunnstryggleik og klimatilpassing

Rapporten konkluderer med at tomta har stabile grunnforhold utan kvikkleire. Vidare står det at det ikkje er fare for at lausmasseskred kan råke tiltaket ovanfrå. Vi merker oss at grunngevinga for denne konklusjonen kjem lite fram av rapporten.

Statsforvaltaren kan **trekke** motsegna til ROS-analysen, jf. plan- og bygningslova § 4-3.

Med helsing

Linda Aaram (e.f.)
miljøverndirektør

Jorunn Mittet Eriksen
rådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent.

Fagsaksbehandlar

Samfunnstryggleik: Renate Frøyen, tlf. 71 25 84 15

Kopi til:

NVE VEST

MØRE OG ROMSDAL FYLKESKOMMUNE

Naustdalsvegen 1B

Postboks 2500

6800

FØRDE

6404

MOLDE